



KONTROLLUTVALET I VESTNES KOMMUNE

MØTEPROTOKOLL

Møte nr: 5/19
Møtedato: 4.11.2019
Tid: Kl. 13.00 – kl. 16.50
Møtestad: Formannskapssalen, Vestnes kommunehus
Sak nr: 34/19 – 40/19
Møteleiar: Inge Bergum, leiar (Ap)
Møtande medlemmer: Paul Hjelvik, nestleiar (Pp)
Torfinn Marken (Sp)
Marianne Frøland (H)
Forfall: Margrethe Anundsen (V)
Ikkje møtt: Ingen
Møtande vara: Geir Stokkeland (Sv)
Frå sekretariatet: Jane Anita Aspen, daglig leder
Frå revisjonen: Anne Oterhals, oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor (sak 38/19)
Einar Andersen, forvaltningsrevisor (sak 36/19 og 37/19)
Av øvrige møtte: Stig Holmstrøm, tidlegare kontrollutvalsleiar (under OS 05/19)

Leiaren ønska velkommen og leia møtet. Det vart føreteke ei kort presentasjonsrunde. Sekretær orienterte om at kommunestyret skal ta stilling til om Margrethe Anundsen er valbar til kontrollutvalet, det er venta at dette er avklart før neste møte i kontrollutvalet.

Sakliste og innkalling vart godkjent

TIL HANDSAMING:

UTV. SAKSNR.	TITTEL
PS 34/19	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 2. SEPTEMBER 2019
PS 35/19	REFERAT OG ORIENTERINGAR
PS 36/19	BESTILLING AV RISIKO- OG VESENTLEGVURDERING AV KOMMUNEN SI VERKSEMD OG VERKSEMD I SELSKAP – SOM GRUNNLAG FOR PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON
PS 37/19	BESTILLING AV RISIKO- OG VESENTLEGVURDERING AV KOMMUNEN SITT EIGARSKAP – SOM GRUNNLAG FOR PLAN FOR EIGARSKAPSKONTROLL
PS 38/19	REVISJONS- OG KOMMUNIKASJONSPLAN 2019
PS 39/19	OPPFØLGINGSLISTE
PS 40/19	EVENTUELT

PS 34/19	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 2. SEPTEMBER 2019
-----------------	--

Kontrollutvalet sitt vedtak

Protokoll frå møte 2. september 2019 blir tatt til vitande

Kontrollutvalet si handsaming

Sidan alle utvalsmedlemmene er nye og alle i det førre utvalet har signert protokollen, så framsette Marianne Frøland forslag om følgjande vedtak:

Protokoll frå møte 2. september 2019 blir tatt til vitande

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar forslag frå Marianne Frøland. (4 voterande)

Sekretariatet si tilråding

Protokollen frå møte 2. september 2019 vert godkjend.

PS 35/19	REFERAT OG ORIENTERINGAR
-----------------	---------------------------------

Kontrollutvalet sitt vedtak

Referat- og orienteringssakene vert teke til orientering.

Kontrollutvalet si handsaming

Referatsaker:

- RS 28/19 **Val av kontrollutval for perioden 2019-2023**, Særutskrift, Vestnes kommunestyre 3.10.2019 sak 69/2019.
- RS 29/19 **Kontrollutvalet sin rapport til kommunestyret om utvalet si verksemd i valperioden 2015-2019**, Særutskrift, Vestnes kommunestyre 3.10.2019 sak 95/2019.
- RS 30/19 **Reglement for kontrollutvalet i Vestnes**, Særutskrift, Vestnes kommunestyre 3.10.2019 sak 96/2019.
- RS 31/19 **Budsjett for kontrollutvalet i Vestnes**, Særutskrift, Vestnes kommunestyre 3.10.2019 sak 97/2019.
- RS 32/19 **Evaluering av arbeidet i kontrollutvalet valperioden 2015-2019.**
- RS 33/19 **Møre og Romsdal Revisjon SA – protokoll fra stiftelsesmøte 23.8.2019.**
- RS 34/19 **Møre og Romsdal Revisjon SA – Stiftelsesdokument.**
- RS 35/19 **Møre og Romsdal Revisjon IKS – protokoll frå møte i representantskapet 18.10.2019.**

Paul Hjelvik tiltrådte møtet

Orienteringssaker:

- OS 05/19 **Opplæring for nytt kontrollutval**
Orientering v/Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal. Lysarka var sendt ut saman med møteinnkallinga.
Tidlegare utvalsleiar Stig Holmstrøm haldt ei kort orientering med nyttige tips til det nye kontrollutvalet.

Kontrollutvalet si handsaming

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

PS 36/19	BESTILLING AV RISIKO- OG VESENTLEGVURDERING AV KOMMUNEN SI VERKSEMD OG VERKSEMD I SELSKAP – SOM GRUNNLAG FOR PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON
-----------------	---

Kontrollutvalet sitt vedtak

Kontrollutvalet bestiller frå Møre og Romsdal Revisjon IKS ei risiko- og vesentlegvurdering av Vestnes kommune si verksemd og verksemd i kommunen sine selskap innafor ei ramme på inntil 150 timer.

Risiko- og vesentlegvurderinga skal gjennomførast i tråd med det som kjem frem i saksframlegget.

Kontrollutvalet si handsaming

Forvaltningsrevisor Einar Andersen orienterte om arbeidet som skal utførast, og svarte på spørsmål frå utvalet.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak om fråsegn i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

PS 37/19	BESTILLING AV RISIKO- OG VESENTLEGVURDERING AV KOMMUNEN SITT EIGARSKAP – SOM GRUNNLAG FOR PLAN FOR EIGARSKAPSKONTROLL
-----------------	--

Kontrollutvalet sitt vedtak

Kontrollutvalet bestiller frå Møre og Romsdal Revisjon IKS ei risiko- og vesentlegvurdering av Vestnes kommune sin eigarskap innafor ei ramme på inntil 50 timer.

Risiko- og vesentlegvurderinga skal gjennomførast i tråd med det som kjem frem i saksframlegget.

Kontrollutvalet si handsaming

Forvaltningsrevisor Einar Andersen orienterte om arbeidet som skal utførast, og svarte på spørsmål frå utvalet.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

PS 38/19	REVISJON- OG KOMMUNIKASJONSPLAN 2019
-----------------	---

Kontrollutvalet sitt vedtak

Kontrollutvalet tar revisjonen sin presentasjon av Revisjons- og kommunikasjonsplan for revisjonsåret 2019 til orientering.

Kontrollutvalet si handsaming

Oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor Anne Oterhals presenterte revisjonsplan for 2019.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

PS 39/19	OPPFØLGINGSLISTE
----------	------------------

Kontrollutvalet sitt vedtak

I oppfølgingslista vert det gjort følgjande endringar:

Internkontroll i Vestnes kommune

Kontrollutvalet ønskjer orientering om administrasjonssjefen sin internkontroll (herunder organisering, delegasjon, fullmakter, tilvisningsmyndighet etc.) i kommunen. I tilsynsrapporten frå Helsetilsynet v/Fylkesmannen i Møre og Romsdal som vart lagt fram i møte 13.03.2013 kom det fram at leinga i kommunen i liten grad har arbeidd med internkontrollen for dei tenesteområda som omfattast av tilsynet. Det vart òg peika på , og vist til tidlegare tilsyn, at kommunen ikkje hadde tilfredsstillande system for behandling av avvik. Kontrollutvalet fekk ei orientering i møte 10.12.2013 om det nye internkontrollsystemet Risk Manager. Kommunalsjef Rune Håseth informerte i møte 03.12.14 om at ein ikkje var komen så mykje lenger, enn når ein rapporterte for 1 år sidan. Kontrollutvalet har fått jamlege statusrapportar.

04.11.19: Kontrollutvalet ønskjer i første møte 2020 ein statusrapport for arbeidet og ein presentasjon av systemet.

Innkjøp og offentlege anskaffingar

Anskaffingsregelverket er omfattande og erfaringsvis er dette eit risikoområde som det er viktig at kontrollutvalet følgjer opp. Vestnes kommune deltek i innkjøps samarbeidet på Sunnmøre. Deltakarar er Ålesund kommune og 18 kommunar som er geografisk plassert rundt Ålesund. Kontrollutvalet ønskjer ei årleg oppdatering av status på innkjøpsområdet, bl.a. organisering av samarbeidet, status for rammeavtalar og korleis administrasjonssjefen sikrar at regelverket vert følgt.

04.11.19: Kontrollutvalet ønskjer i første møte 2020 ein statusrapport for arbeidet

Kontrollutvalet si handsaming

Sekretær gjekk raskt gjennom sakene som står i oppfølgingslista.

Til dette møtet var det ikkje lagt opp til orienteringar frå administrasjonen knytt til saker på oppfølgingslista.

Det vart ikkje fremja forslag om å føre opp nye saker på oppfølgingslista.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles forslag frå utvalet sine medlemmer. (5 voterande)

Sekretariatet si tilråding

I oppfølgingslista vert det gjort følgjande endringar:

Tiltaksplan 2019 – Kontrollutvalet i Vestnes

Sidan det vil bli laga ny tiltaksplan for 2020, så vart det ikkje brukt tid på denne i møte.

Fastsetjing av dato for kontrollutvalet sitt første møte i 2020

Utvalet støttar sekretariatet sitt forslag om **tysdag 11. februar** som dato for utvalet sitt første møte i 2020.

Deltaking på nasjonale opplæringskonferansar i 2020?

Det vert arrangert to årlege nasjonale konferansar som er spesielt retta mot arbeidet i kontrollutvala. Den eine er FKT sin fagkonferanse og årsmøte som vert arrangert 3-4. juni 2020. Den andre NKRF sin kontrollutvalskonferanse 29.1-30.1.2020, begge konferansane vert i 2020 avvikla på Gardermoen.

Kontrollutvalet si behandling

Utvalsmedlemmen drøfta deltaking på konferansane, og då særleg den i januar sidan det ikkje er fleire møte i utvalet før dette.

Konklusjon

Paul Hjelvik vert meldt på konferansen.

Dersom han må melde forfall, så vert dei andre medlemmene førespurt om nokon kan møte i Hjelvik sin stad.

Deltaking på konferanse til FKT i juni vert vurdert på eit seinare møte.

Gratisprinsippet i grunnskulen

Utvalsleiar tok opp problemstilling knytt at elevar må betale for skuleturar.

Utvalet si behandling

Utvalsmedlemmen drøfta om dette var noko utvalet ville undersøke nærare

Konklusjon

Utvalet ønskjer i neste møte å få ei oreintering frå administrasjonssjefen om prinsippa i opplæringslova om gratis grunnskuleopplæring vert følgt.

Korleis vert dette prinsippet praktisert ved skulane i Vestnes kommune?

Inge Bergum
leiar

Paul Hjelvik
nestleiar

Torfinn Marken
medlem

Marianne Frøland
medlem

Geir Stokkeland
varamedlem

Jane Anita Aspen
sekretær